



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Direktoratet for arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Dokumentseniteret
24 APR. 2015

Dykkar ref.
2014/98915

Vår ref.
15/2393 - HAA

Dato
22.04.2015


Høyring – forslag til endringar i arbeidsmiljøforskriftene på bakgrunn av harmonisering av arbeidsmiljødirektiv med CLP-forordninga


Justis- og beredskapsdepartementet viser til brev frå Arbeidstilsynet 12. mars 2015.

I framlegget til endringar i arbeidsplassforskrifta § 5-7 nr. 2 er det sagt at det skal «hitsettes en fotnote» til skiltet «Generell fare». Det skal ikkje brukast fotnoter i forskrifter, og ein justert versjon av teksten i framlegget bør difor i staden bli eit nytt § 5-7 nr. 2 tredje ledd i forskrifta.

Vi nemner elles at paragrafteikn og paragrafnummer ikkje skal vere med når det blir sagt spesifikt korleis ei paragrafoverskrift skal lyde. Paragrafteiknet og paragrafnummeret er ikkje ein del av overskrifta.

Med vennleg helsing


Harald Aass
fagdirektør


Toril Juul
seniorrådgjevar